



Vår referanse
19/10215 19/10231

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Inger Anne Dimmen

Dato
04.06.2019

Innkalling til årsmøte 2018 - Ulstein frivlligsentral

Dato: 12. juni 2019

Kl: 12.30

Stad: Kommunestyresalen

Sak 01/19 Val av møteleiar

Sak 02/19 Val av referent

Sak 03/19 Val at personer til underskriving av protokoll

Sak 04/19 Årsmelding 2018

Sak 05/19 Rekneskap for 2018

Sak 06/19 Val av nytt styre og vara representantar

Med helsing

Inger Anne Dimmen
leiar frivilligsentralen

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Vedlegg
Frivilligsentralen-rekneskap 2018

Ulstein kommune
Postboks 143
6067 Ulsteinvik

www.ulstein.kommune.no
postmottak@ulstein.kommune.no

Sentralbord: 70 01 75 00
Org. nr: 964 979 456
Kontonr: 8647.11.17570

ÅRSMELDING
ULSTEIN
FRIVILLIGSENTRAL
2018



FRIVILLIGSENTRALEN I ULSTEIN

ÅRSMELDING FOR 2018

Frivilligsentralen

Skollebakken aktivitetshus

6067 Ulsteinvik

Mobil: 98 23 06 13

frivilligsentralen@ulstein.kommune.no

www.ulstein.kommune.no

Innleiing

Frivillig innsats er som før eit uavhengig supplement til det offentlege tenestetilbodet. Det er verdifullt at sentralen kan vere med i samhandling med offentleg sektor, privat sektor og frivillig sektor om å bygge eit varmare og meir levande lokalsamfunn. I samhandlingsreforma er det lagt opp til samarbeid med dei frivillige. Her vil også Frivilligsentralen vere ein viktig resurs.

Ein frivilligsentral skal først og fremst vere med å stimulere dei ”friske” ressursane hos einskildmenneske og i lokalsamfunnet.

Frivilligsentralen i Ulstein er etterkvart ein kjend møteplass for dei fleste som bur i kommunen. Mange naturlege møteplassar forsvinn i dagens utvikling, og difor må vi leggje til rette for nye måtar og møtast på. Fleire ulike aktivitetar der nye menneske møtest er knytt til sentralen. Utfordringar er der likevel mange av. Eit lokalsamfunn i så rask vekst og utvikling som Ulstein kommune har opplevd siste åra, er utfordrande for både offentleg sektor, frivillig sektor og for næringslivet. Mange ynskjer å bruke av si tid for andre.

Frivilligsentralen ynskjer å samhandle med dei ulike aktørane i kommunen om å oppretthalde gode levekår for både barn, unge og eldre i tida som kjem. På denne måten vil vi levandegjere visjonen: **Eit varmare lokalsamfunn for alle!**

Styresamansetting 2017 - 2019

Namn	Lag/org	Personleg vara	Lag/org
Marianne Breivik 2015 - 2019	Levekårsutvalet	Eldar Knotten	Levekårsutvalet
Roar Øvrebø 2015- 2019 Nestleiar	Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	Ann Karin Dalehamn	Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
Borgny Solbakken 2017 - 2019	Ulsteinvik Sanitetsforeining	Perly Pedersen	Hasund og Sundgot Sanitetsforeining
Kerstin Krokstad 2017 - 2019	Frivillig i fleire organisasjonar	Wathzala Senthikumar	Tamilsk Kvinne Organisasjon
Wenche Osnes Låbakk 2018 – 2020 Styreleiar	Sørøyane røde Kors	Mads Pedersen	Sørøyane røde Kors
Hannelore Måseide 2018 - 2020	Ulstein Sokn	Ranveig Kaldhol 2018 - 2020	Ulstein Sokn
Annika Brandal	Rep. Eigar Ulstein kommune	Leif Ringstad	Rep. Eigar Ulstein kommune

Valnemnd

Leiar i Levekårsutvalet

Rep. frå Sørøyane Røde Kors

Rep. frå Sanitetsforeiningen.

Styret

Det blei halde 5 styremøter og handsama 38 saker.

Tilsette

Inger Anne Dimmen er tilsett i 100 % stilling som dagleg leiar.

Statsstønad

Etter endring av vedtak i Stortinget i 2016, har statsstønaden som før var øyremerka frivilligsentral, frå 2017 kom som rammetilskot til Ulstein kommune.

Tilskot 2018: Tilskotet for 2018 var kr 403 000.

Tilskotet for 2017 eller 2018 er ikkje ført i rekneskapen til Ulstein frivilligsentral, men kjem i rammetilskot til kommunen.

Målsettingar

Frivilligsentralen skal vere ein lokalt forankra møteplass, eit kraftsenter og eit kontaktpunkt for einskildpersonar, foreiningar/lag og for offentleg og privat verksemd.

Hovudmål

Frivilligsentralen i Ulstein skal stimulere til auka frivillig innsats i heile kommunen.

Delmål

- Vere pådrivar å legge til rette for tiltak som frivillige sjølve ynskjer å etablere.
- Synleggjere eksisterande frivillig arbeid overfor offentleg sektor og næringslivet.
- Stimulere til konstruktivt samarbeid og utvikle gode samarbeidsmodellar mellom frivillige lag og organisasjonar, ulike faggrupper og næringslivet i kommunen.
- Stimulere til nettverksbyggjande tiltak.
Tilby funksjonelle og trivelege lokale som møtestad for dei frivillige
- Vere eit samlingspunkt for eit fleirkulturelt samfunn
- Synleggjere Frivilligsentralen si rolle i lokalsamfunnet

Aktivitetar

Det er mange lag og organisasjonar som har nytta frivilligsentralen sine lokale både til styrearbeid og til ulike andre aktivitetar. Det har vore stor auke etter at vi flytta til Skollebakken Aktivitetshus og fekk betre og meir tenelege lokale. I snitt er lokala **utlånt 40 gongar** kvar måned til lag og organisasjonar. I tillegg kjem utleige til private, og dei tre aktørane som er på huset nyttar lokala til møtevirksomheit.

Dei mange aktivitetane og verdifulle samhandlingsprosessane er ikkje lette å dokumentere. Frivilligsentralen gir også praktisk hjelp og rettleiing til mange.

Lag og organisasjonar som nyttar frivilligsentralen sine lokale:

- ❖ Ulstein Revmatikarlag
- ❖ Naturverforbundet
- ❖ Ulstein Venstre
- ❖ Tamilsk kvinneorganisasjon
- ❖ Senioruniversitetet
- ❖ Ulstein og Hareid Brigde klubb
- ❖ Sørøyane Røde Kors
- ❖ Ulstein og Hareid jegerforeining

Og andre lag og organisasjonar i Ulstein

Strikkekafe

Anna kvar onsdag er det strikkekafe på kveldstid. Her er frå 10 – 25 damer som møtes for å vere sosiale og dele gleda ved handarbeid med kvarandre. Det er veldig viktig og eit god folkehelsearbeid med slike uformelle møteplassar. Det har også blitt ein viktig plass for kvinner frå andre land til å få møte norske kvinner og lære seg språket og norske handarbeidstradisjonar.




Datalærarar

I samarbeid med Ulstein vidaregåande skule IKT linja og frivilligsentralen, har IKT elevar fått undervist eldre frå senioruniversitetet. Både unge og eldre synest det var veldig kjekt. Senioruniversitet har kvar måndag og onsdag kurs for aldersgruppen 55+ på Skollebakken på dagtid. Vi har hatt besøk frå Seniornett sentralt, og då samarbeidet vi med Hareid Frivilligsentral.



Tjukkasgjengen

I august 2013 blei Tjukkasgjengen starta opp. Eit lavterskeltilbod for fysisk aktivitet. Kvar tysdag og torsdag kl.18.00 møtes ein på Rådhusplassen for å gå tur i 1,5 til 2 timar. Tjukkasgjengen har eiga facebookside. Her er det ei arbeidsgruppe som møtes ein gong i månaden for å planlegge kvar turane skal gå. Og mange kjenner tjukkasgjengen igjen på refleksvestane og at mange går i lag. Dagleg leiar sitter i arbeidsgruppa.



Julegåver til born

Det vart innsamla julegåver til busette flyktningeborn, og vi gav gåver til dei som fikk matkasse. I år samarbeidet vi med Quality Ulstein Hotell, «einsamt juletre søker gåver». Ei stor takk til hotellet som har eit juletre i lobbyen, slik at gjester ved hotellet og bygdafolk kan legge gåver under treet.



Utlånsentral

I januar 2010 starta ein opp med ein utlånsentral. Frivilligsentralen har fått beskjed frå skulane i kommunen om at mange av elevane ikkje har det nødvendig utstyr til aktivitetsdagar. Vi har ski og sykklar til utlån, og det har vore veldig populært. Dagleg leiar ved frivilligsentralen står for utlånet. Ein ser at når utstyret er nytt og i orden er det stor interesse for å låne utstyr.

Frivilligprisen 2018

Mary Breivik fikk frivilligprisen for sitt engasjement for bebuarane ved Ulshuag gjennom mange år.



HLF (Hørselhemmedes landsforbund) Ytre Sunnmøre

Frivillige frå HLF er på Skollebakken Aktivitetshus 2 gonger i måneden for å bistå andre med hørselsproblem. HLF-frivillige har mellom anna hjelpe med å rense høreapparat og sende inn høreapparat til reparasjon. Frivilligsentralen hjelper også til med salg av batteri utenom dei dagene HLF er på sentralen.

Frivilligsentralen samarbeider med Sjøborg kulturhus under arrangement.

Kraftak mot kreft

I samarbeid med kreftforening, russen ved Ulstein vidaregåande skule og frivilligsentralen så vart det også i 2018 ein god aksjon. Russen samla inn over 220 000.- kr. Frivilligsentralen sto for koordineringa og fleire frivillige var med å hjelpte til.



Klede til glede

Gjennom heile året får frivilligsentralen spørsmål om å ta i mot klede og om vi har klede å dele ut.. Spesielt sportsutstyr er det stor etterspørsel etter. Mange får «arve» klede og det er til stor glede for dei som mottar klede og anna utstyr.

Naturnøteplassen Bugardsmyrane

Naturnøteplassen Bugardsmyrane, . Kvar onsdag, så sant der ikkje regnar eller snør, er vi på plass. Her koker ein kaffi og steiker vaflar på bålpanne. Eit utrolig populært tiltak. Mange kjem for å slå av ein prat, nyte fine veret og tar lunsjpause ute. Folkehelsearbeid og lavterskel tilbod.



Spelekveldar

Anna kvar onsdag møtes lokale ulsteinvikara, beboara på mottaket og flyktningar i kommunen til speling og hyggelige samtalar på frivilligsentralen. Det norske språket læres ikkje berre på skulebenken, ein er også avhengig av å praktisere det gjennom samtalar med nordmenn. Derfor er slike sosiale møteplasser svært viktig.



Integreringsarbeid for flyktningar

Ulstein Frivilligsentral har fleire frivillige som bidrar med mykje godt integreringsarbeid av flyktningar og asylsøkarar. Vi har leksehjelp, frivillige som hjelper busette flyktningar med mengde - køyring. Her har flyktningen sjølv bil, har tatt køyretimar ved trafikkskule og trafikkale kurs , men trenger mengdetrening til køyring. Kvar måndag er det språk kafé, eit veldig populært tilbod for flyktningar og asylsøkarar. Her kjem beboarar frå asylmottaket og elevar frå intro programmet for flyktningar. Dei frivillige legg opp til tema dei snakkar om kvar gong, for eksempel høgtider, eller det som er i nyheitsbilde. Ofte er det litt praktisk ting å gjere også, som for eksempel lære seg å lage dugnadskake, vaffler m.m.

Den kulturelle spaserstokk

Frivilligsentralen i samarbeid med kulturkontoret arrangerer ein kulturtilbod for eldre i kommunen. Ein var blant anna på Ishavsmuseet på Brandal og fleire konserter på institusjonar i Ulstein.

Matkasse utdeling

Frå hausten 2016 starta vi samarbeidet med Coop Mega om utdeling av matkasser. Coop Mega gir mat som har kort haldbarheit, eller varer som skal ut av sortimentet. Frivilligsentralen hentar det ein gong i månaden og folk får komme å plukke det dei trenger på frivilligsentralen. Eit veldig nyttig og kjærkome tiltak. Mellom 30 og 40 stk. er innom og hentar seg mat. Her får ein også god hjelp av ein frivillig med stor bil og hjelp til utdeling av matkasser.

Til påske og jule høgtidene har vi søkt støtte og fått av Sørøyane Røde Kors og Ulsteinvik sanitets – foreining. Det har gjort det mulig å kjøpe inn litt ekstra mat, og det blir godt motteke.



Internasjonal kafè - Ulsteinvik

Det blei arrangert internasjonal kafe ein laurdag kvar månad i 2018 fram til sommaren, dette er eit samarbeid mellom Ulstein frivilligsentral, Sørøyane Røde Kors, Ulstein Sokn, Søre Sunnmøre mottak, Tamilsk kvinne gruppe, Eritreisk foreining, Sanitetsforeiningane i Ulstein og Flyktningtenesta. Det var eit kjekt prosjekt og mange nytta seg av tilbodet i starten, men etter kvart blei det mindre folke og ein bestemte at frå hausten blir det ikkje internasjonal kafe, anna enn når det er Smak av Ulstein.



Aktivitetsvennkurs

I samarbeid med folkehelsekoordinatoren, omsorgsetaten og Nasjonalforeningen for folkehelse arrangerte ein eit kurs for personar som ville bli aktivitetsvenn for demente. Gjennom året så møtes dei frivillige aktivitetsvenna og deler erfaringar og får nye tips om aktiviteter dei kan delta på.

Middag og leksetilbud:

Hausten 2018 søkte frivilligsentralen og Bell ungdomsklubb, Ulsteinvik Sanitetsforeining om støtte til eit prosjekt vi kalla middag og leksehjelp. Kvar onsdag lagar frivillige middag til elevar frå ungdomskulen og elevane får hjelp til leksene visst dei treng det.

Open hall:

Frivilligsentralen og Bell ungdomsklubb arrangerte open hall 2 laurdagskveldar på hausten 2018 for ungdom frå 13 år og oppover, Her fikk vi også støtte av Ulsteinvik sanitetsforeining. Eit fint tilbod til ungdom, og er god anledning til å prøve ut ulike idrettar.

Gapahuk prosjektet

I samarbeid med Ulstein Rotaryklubb, Sørøyane Røde Kors og Flyktningtenesta bygde ein gapahuken ved Lisjevatnet.. Her var flyktningar med og henta ned bjørk frå fjellet på Eiksund, og med på byggeprosessen av gapahuken. Eit godt intergreringsprosjekt. Gapahuken ved Lisjevatnet



blei opna i oktober av kultursjef Leif Ringstad.

Ung Arena:

Frivilligsentralen saman med Bell Ungdomsklubb og biblioteket søkte Gjensidigstiftelsen om pengar til eit prosjekt som vi kalla «Ung Arena» Og rett før jul fikk vi vite at vi hadde fått innvilga heile søkesumen på 1,3 mill. Dette er pengar til ei prosjektstilling og gjennomføring av prosjektet. Jubelen sto i taket, vi gleda oss til 2019, når prosjektet blir realisert.



TV. Aksjonen 2018

Dagleg leiar sitter fast i kommune komiteen. Årets aksjon gjekk til Kirkens Bymisjon. Det flott deltakelse og god givar glede. I forkant av aksjonen blei det strikka orange skjerf av bygdafolket, som blei levert til frivilligsentralen og skjerfa hengte vi ut tidlig ein morgon i forkant av aksjonen. Så kven som helst kunne ta seg eit skjerf.



Babytreff

Hausten 2018 blei det starta opp babytreff på frivilligsentralen, kvar frredag samlast foreldre med små born på Skollebakken, sosialt for foreldra og borna.



Sparebank 1

Tilsette ved Sparebank 1 valte i 2018 å ikkje motta julegåve, men ønsket heller at pengane skulle gå til frivilligsentralane på Søre Sunnmøre, Ulstein frivilligsentral fikk kr 10 000. Vi takkar hjarteleg for gåva. For gåva kjøpe vi inn T skjorter og refleksvesta, med frivilligsetnrallogo på.

Konto	Konto(T)	Rekneskap (1)	Rev.bud (1)	Avvik (1)
10100	Fast lønn	465 656	510 549	44 893
10200	Vikar	506	0	-506
10207	Påløpte lønskostnader pr. 31.12	8 443	0	-8 443
10209	Variable tillegg vikarar utan pensjon	9 197	0	-9 197
10400	Overtid	7 449	0	-7 449
10500	Løn og trekkpliktige godtgjeringar	0	20 000	20 000
10508	Diverse lønnsutbetaling	179	0	-179
10801	Møtegodtgjersle	7 850	10 000	2 150
10900	Pensjon	87 531	85 433	-2 098
10902	Kollektiv ulykkes- og gruppelivforsikring	918	0	-918
10990	Arbeidsgiveravgift	77 542	77 263	-278
11000	Kontormateriell	0	8 500	8 500
11002	Abonnement aviser og fagtidsskrifter	1 592	0	-1 592
11053	Arbeidsmateriell	1 548	0	-1 548
11150	Matvarer	5 607	0	-5 607
11151	Servering møter, kurs, representasjon	3 578	0	-3 578
11202	Velferdstiltak	3 297	0	-3 297
11203	Anna forbruksmateriell	2 164	0	-2 164
11208	Diverse utgifter	4 758	0	-4 758
11301	Telefon	3 385	0	-3 385
11303	Datakommunikasjon	262	0	-262
11400	Annonser og reklame	2 846	0	-2 846
11402	Representasjon	455	0	-455
11500	Kursutgifter	7 074	9 873	2 799
11600	Kilometergodtgjersle, oppgavepliktig	1 848	10 000	8 152
11601	Diettgodtgjersle, oppgavepliktige	289	0	-289
11703	Skyssutlegg ikkje oppgavepliktig	121	0	-121
11952	Andre avgifter og gebyrer	80	0	-80
11953	Kontingentar	4 000	0	-4 000
12000	Inventar	5 476	0	-5 476
12003	Kjøp av telefon	5 355	0	-5 355
14290	Moms generell kompensasjonsordning	5 890	5 890	0
14700	Overføringer til andre	44 490	0	-44 490
15500	Avsetning til bundne fond	-18 627	0	18 627
16200	Avgiftsfrie salsinntekter	-15 890	0	15 890
16300	Husleigeinntekter, utleige av lokale	-22 950	-5 000	17 950
17000	Refusjon frå staten	0	-20 000	-20 000
17100	Refusjon sjukeløn	-43 569	-43 569	0
17102	Refusjon feriepengar	-4 444	-4 444	0
17290	Momskompensasjon drift	-5 890	-5 890	0
17500	Refusjon frå andre kommuner	-5 000	0	5 000
18901	Gåver	-21 659	0	21 659
19500	Bruk av bundne fond	-2 776	0	2 776
2073	Frivillegsentralen	628 580	658 605	30 025
25	Kultur og idrett	628 580	658 605	30 025
		628 580	658 605	30 025

FORSLAG TIL STYRE 2019 – 2021
ULSTEIN FRIVILLIGSENTRAL

Namn	Lag/org	Personleg vara	Lag/org
<p>Marianne Breivik</p> <p>2015 – 2019</p> <p>Ny repr. etter kommunevalet</p>	<p>Levekårsutvalet</p>	<p>Eldar Knotten</p> <p>2015 – 2019</p> <p>Ny repr. etter kommunevalet</p>	<p>Levekårsutvalet</p>
<p>Roar Øvrebø</p> <p>2015- 2019</p> <p>Nestleiar</p> <p>Ny repr. etter kommunevalet</p>	<p>Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne</p>	<p>Ann Karin Dalehamn</p> <p>2015 – 2019</p> <p>Ny repr. etter kommunevalet</p>	<p>Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne</p>
<p>Borgny Solbakken</p> <p>2019 - 2021</p>	<p>Ulsteinvik Sanitetsforeining</p>	<p>Perly Pedersen</p> <p>2019 - 2021</p>	<p>Hasund og Sundgot Sanitetsforeining</p>
<p>Kerstin Krokstad</p> <p>2019 - 2021</p>	<p>Frivillig i fleire organisasjonar</p>	<p>Wathzala Senthikumar</p> <p>2019 - 2021</p>	<p>Tamilsk Kvinne Organisasjon</p>
<p>Wenche Osnes Låbakk</p> <p>2018 – 2020</p> <p>Styreleiar</p>	<p>Sørøyane røde Kors</p>	<p>Mads Pedersen</p> <p>2018 – 2020</p>	<p>Sørøyane røde Kors</p>
<p>Hannelore Måseide</p> <p>2018 - 2020</p>	<p>Ulstein Sokn</p>	<p>Ranveig Kaldhol</p> <p>2018 - 2020</p>	<p>Ulstein Sokn</p>
<p>Annika Brandal</p>	<p>Rep. Eigar Ulstein kommune</p>	<p>Leif Ringstad</p>	<p>Rep. Eigar Ulstein kommune</p>

Styret konstituerer seg sjølv, etter at nye representantar frå Levekårsutvalet og Fellesrådet for eldre og menneske med nedsatt funksjonsevne er valt.